

RAUMA KOMMUNE
Vollan 8 A

6300 ÅNDALSNES
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/01720-45

06.02.2018

Ark.: 326.12 NJG

Oppstart av namnesak 2018/113 i Rauma kommune, Otterholm eller Oterholm

Stadnamntenesta for Midt-Noreg har bede Kartverket om å reise namnesak på skrivemåten av gardsnamnet Otterholm og avleiingar med dette namnet. Formålet med namnesaka er å avgjere om namnet heller bør skrivast Oterholm. I Norske Gaardnavne er uttalen *øtt`erhøLm* (tjukk l) registrert. Vi seier oss leie for at denne saka har vorte liggjande ei stund hos Kartverket før saka no vert reist.

I Sentralt stadnamnregister er desse namna registrerte:

- *Otterholm*. Gardsnamn for gardsnummer 111
- *Otterholm* er i matrikkelen skrivemåte for bruksnamnet til bruksnummer 1, 2 og 3
- *Ottervang* er i matrikkelen skrivemåte for bruksnamnet til bruksnummer 4
- *Otterholmneset*. Namn på nes i sjø
- *Otterholmelva*. Namn på elv
- *Oterholmsbrua* er vedteken skrivemåte for namnet på ei lita bru på Europavegen

Lokal høyring

Det er Statens kartverk som har vedtaksrett for skrivemåten av tradisjonelle gards- og bruksnamn og for naturnamn. Kartverket vedtek òg skrivemåte av namn for statlege etatar. I denne saka gjeld det brunamnet. Før det blir gjort vedtak, har kommunen rett til å uttale seg. Eigargar og festarar har rett til å uttale seg om skrivemåten av gardsnamn/bruksnamn. Det same har lokale organisasjonar om namn som dei har særleg tilknytning til. **Når namnesaka gjeld bruksnamn, skal eigaren eller festaren få saka tilsend direkte frå kommunen.**

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn frå 1. juli 2015 har grunneigaren rett til å fastsetje skrivemåten av namn på eige bruk dersom han/ho kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentlig kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd. Det er framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ønskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, kan han/ho sende krav om det til Kartverket og leggje ved slik dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

I følgje lov om stadnamn § 4 er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp når ein skal normere stadnamn. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skyggje for meiningsinnhaldet i namnet. I rettleiing til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte reglar for korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vere retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjere vedtak om avleidde namn, som adressenamn og adressetilleggsnamn.

Det er kommunen som skal kunngjere at namnesak er reist, i to aviser som blir lesne på staden, eller på annan høveleg måte, t.d. heimeside på Internet. Kommunen har òg ansvaret for å innhente og samordne dei lokale høyringsutsegnene. Desse vert sende til *Stadnamntenesta for Midt-Noreg, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO* med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil så gje endeleg tilråding til vedtaksorganet. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå mottak av dette brevet.

Med venleg helsing

Nils Jørgen Gaasvik
seniorkonsulent
tlf. 32 11 87 83

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi Stedsnavntjenesten for Midt-Norge

Kopi til: Stadnamntenesta for Midt-Noreg